

# FJELL-LY POSTEN

Utgitt av Midthordland Indremisjon - Nr. 1 - 2018



# SOMMARHELING FRÅ UNGLEDER

Sommarferien står for dør, og det betyr at ein ny leirsesong er ved vegs ende.

Me har seks flotte leirer å sjå tilbake på dette semesteret på Fjell-ly.

To fulle Maxi-leirer med mykje sprell og morro, to fulle Tweens-leirer med latter og leik, ein Mini-leir med mange spente 1. og 2. klassingar på leir for første gang og ein Ten-leiren med humor, underholdning og konkurransar. Og sist, men ikkje minst, felles for dei alle: JESUS i fokus!

Flere hundre barn og unge har altså vert på leir på Fjell-ly denne våren. Mange av disse ser me igjen på Danielsen Skoler eller lag rundt om kring. Men nokre av dei har ingen annan stad dei får evangeliet forkynt. Me ser på moglegheita me har å forkyne Jesus på leirene våre som eit stort privilegium, og ein kjempe viktig jobb. Og dette skjer ikkje bare frå talarstolen!

Eg ønsker derfor å takke alle dei frivillige som er med oss på leir.

TUSEN TAKK!

Utan frivillige hadde det rett og slett ikkje vert mogleg å ha leir på Fjell-ly.

Både dei som er frivillige på kjøkkenet og som leirleiarar er kjempe viktige for oss, Fjell-ly og alle barn og unge som er innom på Fjell-ly. Tusen takk til alle som har vert med i år!

No tek Ung-avdelinga snart ferie, men gler seg til å komme tilbake til hausten. Då me nokre utskiftningar i staben.

Trofaste Inge Wilhelm Økland takkar for seg i ImF Midthordland. Inge har vert ein fryd å jobbe med og ein klippe å hatt med på laget som som ny i jobben.

Ivar forlet oss også til fordel for forsamlingsarbeidet i kretsen, men me deler heldigvis enda samme arbeidsplass.



*Disse flotte damene har er alltid trofast på leir. Satt pris på av så mange. Me digger dei!*



*Inge i sitt rette element, med rangle underholdning på Ten-leir. Takk for all god underholdning og visdom Inge har delt gjennom mange år i kretsen!*

Men gleda i sorgen er det at kjem nye ressurser inn som me skal på bli bedre kjent med til hausten.

Då gjenstår det bare for meg å ønske alle ein god sommer! Håper eg ser deg på Fjell-ly til hausten!

God sommar helsing frå  
**Karianne Hatlevik**  
*Ung-leder Imf Midthordland*



# Innblikk frå Tweensleir

15.-17.juni var det klart for semesterets siste leir, og 50 flotte tweens møtte spente opp på Fjell-ly. Etter innsjekk starta me helga med bli-kjent-samling der deltakerne fekk hilse på lederene, og me leika i lag. Fredagen gjekk fort, og etter deilig kveldsmat var det kveldssamling før leggetid. Karianne Hatlevik hadde bibeltimene. Tema for leiren var «Bibelens røde tråd» og introduserte på kveldssamlingen kven og kva denne røde tråden i bibelen er, Jesus. Videre fekk me høyre om at me treng både det gamle testamentet og det nye testamentet, at me kan lese om Jesus i gamle testamentet og kvifor me menneske trengte og treng Jesus kvar dag. Helga var også proppa med kjekke aktiviteter, blant anna 50-leken, fotball, hobby og spill. Det var rett og slett ei knall helg, sammen med 9 fantastiske ledere, 37 jenter og 13 gutter!

Me har også høyrte med nokre av deltakerene om korleis dei har hatt det på leir:

Namn: **Gabriel Innerdal**

Trinn og skule: 6. trinn Danielsen Sotra  
Har du vert på leir her før? Kor mange ganger? Eg har vert her mellom 10-15 ganger

Kva er det kjekkeste med leir? Mange menneske å vera med, gøy med fotball, gymsal og godteri  
Har du lært noko nytt denne helga? I helga her me høyrte om den røde tråden gjennom bibelen og litt den blå, om Jesus og Gud. Eg er vaksen opp i ein kristen familie, så eg veit ein del om Jesus og Gud frå før.



Namn: **Vilde Holmefjord**

Trinn og skule: 7.trinn Knappskog Skule  
Har du vert på leir her før? Kor mange ganger? Ja, dette er tredje gangen.

Kva er det kjekkeste med leir? Å vera med venner og få nye venner

Har du lært noko nytt denne helga?  
Ikkje som eg kommer på no.



Navn: **Leonard Hauge**

Trinn og skule: 6. trinn Danielsen Sotra  
Har du vert på leir her før? Kor mange ganger? Eg har ikkje vert på leir før.  
Kva er det kjekkeste med leir?  
Det har vert kveldene  
Har du lært noko nytt denne helga?  
Eg har ikkje lært noko nytt.



Navn: **Hilda Hjartøy**

Trinn og skule: 5. trinn Ulveseth skule  
Har du vert på leir her før? Kor mange ganger? Dette er 6. gang.  
Kva er det kjekkeste med leir? Lørdagskveldene, då er det godteri og leirfest.  
Har du lært noko nytt denne helga?  
Ja, at me ikkje kan skille GT og NT.



Navn: **Sofie og Valentina**

Trinn og skule: 7. trinn Kolltveit skule  
Har du vert på leir her før? Kor mange ganger? Begge har vert på 7-8 leirer før  
Kva er det kjekkeste med leir?  
Valentina: Irritere guttene! Sofie: Få nye venner.  
Har du lært noko nytt denne helga?

Sofie: Den bortkomne sønnen fekk komme heim til faren sin og blei elska sjølv om han hadde sløst bort heile arven sin på tull.  
Valentina: Eg har lært om den røde og den blå tråden i bibelen.



# Eit bildeglim



# Et frå leirene våre







# LEIRPLAKATEN HØSTEN 2018

## Mini 1.-2.trinn

22.-23. september

Pris: 440 kr

## Maxi 2.-4.trinn

7.-9. september

2.-4. november

Pris: 655 kr

## Ten 8.-10.trinn

19.-21. oktober

Pris: 750

## Tweens 5.-7.trinn

14.-16. september

23.-25. november

Pris: 710

## Generasjonsleir/ adventleir

30. november -2. desember

Pris: Se egne priser på nett



All påmelding foregår online  
på [mi-imf.no](http://mi-imf.no).

**NB:**Første påmeldingsdag er 10. august!

Den første uken kan du bare  
melde på 1 leir av samme type  
(gjelder Tweens og Maxi).

Fra 17. august blir det mulig å melde på  
begge leirene om det fortsatt er plass.

